

Møteprotokoll

Utval: Ålfotbreen verneområdestyre
Møtestad: Knutholmen, Kalvåg
Dato: 21.03.2022
Tidspunkt: 10:00 – 13:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jacob Andre Telvik Nødseth	Leiar	Kinn
Irene Storøy Åsmund Berthelsen	Nestleiar Medlem	Bremanger Vestland

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Janne Marie Solheim	MEDL	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/22	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 1/22	Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker til styremøte 1/2022		2019/10793
RS 2/22	Ålfotbreen verneområdestyre - referatsak - prosess kring nasjonalparkstatus		2019/10793
ST 3/22	Ålfotbreen verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidlar for 2022		2019/4056
ST 4/22	Ålfotbreen verneområdestyre - møteplan for 2022		2019/2582
ST 5/22	Eventuelt		

ST 1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 21.03.2022

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

ST 2/22 Signering av protokoll frå førre møte

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 21.03.2022

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå styremøte 3/2021 vert signert

Vedtak

Protokoll frå styremøte 3/2021 vart godkjent og signert.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	1/22	21.03.2022

Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker til styremøte 1/2022

- **Delegerte vedtak**

Det har ikkje vore handsama saker med delegert mynde sidan førre møte.

- **Årsrapport**

Verneområdeforvaltar skreiv før nyttår ein årsrapport eller ei årsmelding, som vart lagt ut på nettsidene til styret. Det er ikkje krav om å gjere det, men det har blitt ein vane for Ålfotbreen og Naustdal-Gjengedal.

Sverre Sæten i SNO skreiv og sin årsrapport før jul. Begge ligg vedlagt til sakspapira.

- **Naturopsyn**

Rune Holen er tilbake som naturopsyn for Ålfotbreen LVO, etter å ha jobba med prosjektarbeid i to år. Engasjementet til Sverre Sæten vart avslutta ved nyttår.

- **Flytting av forvaltningsknutepunktet**

Forvaltningsknutepunktet vert flytta. Vi har sagt opp leigeforholdet i Krånavegen 5, og kjem til å flytte kontorplassane til Kraftbygget på Sandane. Det gjeld forvaltar for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen, naturopsyn for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen, og ein av forvaltarane for Jostedalsbreen. Eit høveleg lokale vert no pussa opp og tilpassa våre behov og etter planen flyttar vi inn i Kraftbygget 1.mai.

- **Rammeavtale for skilt i stål og tre**

Statsforvalterens Fellestjenester (STAF) jobbar med ein nasjonal rammeavtale for kjøp av informasjonsskilt, både i cortenstål og i tre.

Med ein rammeavtale vil vi ha faste prisar på skilt og kunne kjøpe utan å gjennomføre anbodskonkurranse sjølv.

- **Korona**

Vi er framleis i ein pandemi, og må tilpasse oss det. Vi følgjer føringane som resten av dei tilsette hos Statsforvaltaren. Vi sat på heimekontor frå midten av desember til starten av februar, men er no tilbake i ein normalsituasjon.

- **Driftsmidler**

Verneområdestyret har fått 115.000 til drift av styret i 2022.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	2/22	21.03.2022

Ålfotbreen verneområdestyre - referatsak - prosess kring nasjonalparkstatus

I 2021 vedtok Klima- og miljødepartementet (KLD) å arbeide vidare med oppretting av nye nasjonalparker, både heilt nye område og omgjerung av nokre landskapsvernområde til nasjonalpark. Ålfotbreen var med på denne lista, altså å endre status frå landskapsvernområde til nasjonalpark.

KLD har no gjeve Statsforvaltaren i Vestland (SFVL) i oppdrag å starte denne prosessen. Det er SFVL som skal utføre dei faglege utgreiingane, lage forslag til grenser og regelverk, gjennomføre høyring og deretter sende sitt forslag til Miljødirektoratet.

Verneprosess i korte trekk:

1. Oppstartsmelding
Statsforvaltaren (SF) sender ut melding om at dei skal starte prosessen slik at alle partar og aktørar er informert om det.
2. Utgreiing
Her er det normalt ei stor mengde utgreiingar som må gjerast. Det naturvitskaplege grunnlaget for vernet på plass og kvalitetssikrast. Her kan det nyttast eigne ressursar, men og innleigd hjelp. Det er vanleg å sette ned referansegrupper og liknande som kan kome med innspel.
3. Verneforslag
SF utformar eit forslag til grenser og regelverk.
4. Høyring
Verneforslaget vert sendt ut på offentleg høyring, både sentralt og lokalt, der i praksis alle har høve til å kome med merknader.
5. Nytt forslag etter høyringsinnspel
SF utformar nhtt forslag og sender til Miljødirektoratet
6. Innstilling frå Miljødirektoratet

7. Sluttbehandling

I departementa

8. Vedtak

Av Kongen i statsråd gjennom kongeleg resolusjon

Det vil normalt vere høve til å kome med innspel fleire stader i prosessen, både etter oppstartsmeldinga, under utgreiinga og i sluttbehandlinga.

Denne prosessen er heimla i naturmangfaldlova §§ 41-43. Vedlagt til sakspapira ligg ei litt meir utfyllande oversikt over prosessen.

Prosesen for Ålfotbreen

Prosesen er lik uansett om det er ny nasjonalpark eller om det er omgjering frå landskapsvernområde til nasjonalpark. Men behovet for utgreiingar vil truleg vere mindre ved endring av verneform enn ved eit heilt nytt verneområde. Ein vil ha eit godt utgangspunkt i eksisterande grenser og regelverk. Det er derfor grunn til å tru at nokre av dei delane av prosessen som elles er mest tidkrevjande, vil kunne gå vesentleg raskare ved endring av verneform.

Statsforvaltaren i Vestland har fått eit ganske stort oppdrag i samband med desse nye verneområda, sidan fleire av dei ligg i Vestland. Det er snakk om tre heilt nye nasjonalparker, i tillegg til ny verneform for Ålfotbreen og utviding av Jostedalsbreen og Jotunheimen. SFVL har dessutan fått oppdrag som gjeld marint vern og frivillig skogvern. Det kan bli aktuelt å bemanne opp eller tilsette i midlertidige engasjement for å få kapasitet til å løyse desse oppdraga.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	3/22	21.03.2022

Ålfotbreen verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidlar for 2022

Vedtak

Verneområdestyret vedtok følgjande fordeling av tiltaksmidlar for 2022:

Navn	Fordeling
Film/grafisk informasjon om geologi	125 000
Utbetring av stien til Blåbrebu	50 000
Merking av rute Bjørndalen - Gjegnen	25 000
Vedlikehald av merka stiar	0
Tilrettelegging i Grøndalen	50 000
Fjerning av gran	0
Bytte ut turskilt	0
Informasjonsskilt	50 000
<u>Totalt</u>	<u>300 000</u>

Fordelinga er eit førebels utgangspunkt for planlegging av tiltaka utover året. Saka vil kome oppatt på styremøte 2/2022, kor det kan verte gjort justeringar.

Dokument i saka:

- Søknad om tiltalsmidlar for 2022
- Tildeling av tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet

Bakgrunn

Ålfotbreen verneområdestyre får kvart år ei tildeling med tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet. Midlane er statlege investeringsmidlar frå post 1420.31 i statsbudsjettet. Kort fortalt skal midlane nyttast til tilrettelegging, skjøtsel og informasjonsarbeid, og i tråd med retningslinjer og føringar frå direktorat og departement.

Ålfotbreen verneområdestyre sette opp ei prioritert bestilling av midlar på siste møtet i 2021. Verneområdestyret søkte om totalt 395.000. Lista vart sendt til Miljødirektoratet som har gått gjennom alle tiltaka og vurdert dei opp mot postføremål og føringar. Det mest vanlege er at

direktoratet vurderer kva tiltak som er innanfor og utanfor postføremålet, og at verneområdestyret får ein «pott» med midlar til fordeling blant dei tiltaka som er vurdert som innanfor postføremålet. Det er og vanleg at tildelinga er mindre enn søknaden, og at styret derfor må fordele og prioritere dei midlane dei får.

Tildeling

Ålfotbreen verneområdestyre har fått 300.000 i tiltaksmidlar i 2022. Miljødirektoratet har vurdert alle tiltaka på lista til å vere innanfor postføremålet, og alle kan derfor tildelast midlar og gjennomførast.

Pri.	Navn	Innvilget beløp	Øk. ansvarlig
1	Film/grafisk informasjon om geologi		Forvaltningsmyndighet
2	Utbetring av stien til Blåbrebu		Forvaltningsmyndighet
3	Merking av rute Bjørndalen - Gjegnen		Forvaltningsmyndighet
4	Vedlikehald av merka stiar		Forvaltningsmyndighet
5	Tilrettelegging i Grøndalen		Forvaltningsmyndighet
6	Fjerning av gran		Forvaltningsmyndighet
7	Bytte ut turskilt		Forvaltningsmyndighet
8	Informasjonsskilt		Forvaltningsmyndighet
9	Samlet pott	300000	Forvaltningsmyndighet

Handsaming i møte:

Styret må fordele og eventuelt prioritere dei tildelte midlane for 2021. Midlane kan fordelast mellom dei tiltaka som er søkt om midlar til og som er godkjent av Miljødirektoratet. Vi har fått 300.000, men søkte om 395.000. Vi må derfor kutte med 95.000 samanlikna med kostnadsoverslaget i søknaden.

Dette kan kuttast enten ved å ta ut tiltak i sin heilskap, ved å redusere tildeling til det enkelte tiltak, eller gjennom ein kombinasjon av dei to.

I søknaden om tiltaksmidlane vart tiltaka prioritert med unik prioritering. Denne prioriteringa er eit utgangspunkt, men den kan endrast no.

Arkivsaksnr: 2019/2582-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 21.02.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
--------------	------------------	-----------------

Ålfotbreen verneområdestyre - møteplan for 2022

Vedtak

Møteplan for 2022

Styremøte 2/2022:

Måndag 27.juni i Gloppen.

Styremøtet vert truleg kombinert med ekskursjon og det kan verte aktuelt med overnatting til 28.juni.

Styremøte 3/2022:

Måndag 19.9. i Florø eller Bremanger.

Vert kombinert med møte i Rådgjevande utval i Florø på kvelden.

Prøver å få til synfaring med SFE i Yksneelvane dersom det let seg gjere.

Styremøte 4/2022

Måndag 21.11 i Florø eller Bremanger.

Rådgjevande utval:

Måndag 19.9 på kveldstid i Florø.

Kombinert med styremøte 3/2022. Heile styret deltek i tillegg til utvalet.

Tur på breen:

Verneområdeforvaltar undersøker muligheiten for at styremedlemmer kan få vere med NVE eller SFE når dei har helikopterflyging til breen i samband med sine aktivitetar der.

Det vil vere ein fordel om vi får satt møtedatoar for resten av året. Det lettar planlegginga både for styret og forvaltar.

Forvaltar har gått gjennom møtekalendarane til kommunane og fylkeskommunen, og prøvd å finne dei datoane som ikkje har politiske møte. Eg tek atterhald om at eg kanskje ikkje har fått med meg alle utval.

Her er aktuelle datoar for dei enkelte møta:

Styremøte 2/2022

Måndag 16.5

Onsdag 18.5

Måndag 23.5

Onsdag 25.5

Fredag 27.5

Måndag 30.5

Onsdag 1.6

Fredag 3.6

Onsdag 8.6

Måndag 13.6

Tysdag 14.6

Styremøte 3/2022

Måndag 5.9

Fredag 9.9

Måndag 19.9

Tysdag 20.9

Fredag 23.9

Styremøte 4/2022

Måndag 7.11

Onsdag 9.11

Fredag 11.11

Måndag 14.11

Tysdag 15.11

Onsdag 16.11

Fredag 18.11

Måndag 21.11

Fredag 25.11

Måndag 28.11

Onsdag 30.11

Fredag 2.12

Måndag 5.12

Tysdag 6.12

Onsdag 7.12

Rådgjevande utval

Vi kan kanskje sette dato for møte i rådgjevande utval allereie no. Det vil gjere planlegginga lettare både for forvaltar, for representantane i utvalet og for styremedlemmar som ønskjer å vere med.

I 2022 er det Florø/Kinn som står for tur som møtestad. Utvalet har ytra ønskje om å legge møtet til ein torsdagskveld.

Synfaring

Vi bør prøve å få til ei synfaring eller tur i løpet av året. Enten i samband med ei konkret sak, eit tiltak eller for å gjere seg kjent. Med tanke på ver og føre so er det mest aktuelt med møtet i mai/juni eller det i september.

Studietur eller regional fagsamling?

Då vi sende inn søknad om driftsmidlar til styret før nyttår tok vi høgde for deltaking på nasjonalparkkonferanse i Trondheim og dekking av reisekostnadar og tapt arbeidsforteneste i samband med det. No har Miljødirektoratet sagt at det ikkje vert konferanse grunna usikkerheit knytt til smitte. Men vi har likevel fått om lag det vi søkte om i driftsmidlar. Vi vil derfor ha økonomi til å ta ein studietur eller liknande med styret. På ein slik studietur vil reise, opphald, innhald og tapt arbeidsforteneste bli dekkja av driftsbudsjettet til styret.

Vi som er tilknytt Statsforvaltaren i Vestland har og diskutert om vi skulle hatt ei regional fagsamling for alle styre i Vestland, som ei erstatning for nasjonalparkkonferansen. Det blir i so fall til hausten ein gong.

Tema, reisemål, tid og opplegg for både studietur og regional samling kan vi ta ein liten diskusjon på i møtet.

ST 5/22 Eventuelt

Ingen saker